

Tiltaksplan mot barnefattigdom i Vinje kommune 2018-2020



Bakgrunn og formål med planarbeidet

Handlingsplan mot barnefattigdom er utarbeida av rådmannsteamet i tråd med BUFDIR sine retningslinjer. Andre kulepunkt i Kommuneplanens samfunnsdel 2016-2035 seier at Vinje skal vere ein god plass for alle. I ljøs av nasjonal folkehelseoversikt vart det klart at også Vinje har familiar og barn som lever under fattigdomsgrensa. Det fører til at dei ikkje kan delta i utviklande aktivitetar på linje med andre barn i Vinje, og forskning syner at dette er ein veg inn i utanforskap. Politiske signal og klar melding frå ordførar om å jobbe aktivt mot barnefattigdom var utgangspunktet for at ein sette i gang arbeidet med å få på plass ein handlingsplan.

Formålet med planen er å redusere talet på barn som lever i fattigdom i Vinje kommune og gje alle tilnærma like føresetnader for eit godt liv. Planen bygger på regjeringas mål om å bekjempe fattigdom, noko som ble konkretisert i «Handlingsplan mot fattigdom 2006». Her vert det peika på at fattigdom kan føre til sosial eksklusjon i oppveksten, og at barn som veks opp i fattige familiar har større risiko for å bli fattige som vaksne. I regjeringas strategi «Barn som lever i fattigdom 2015-2017» vert det lagt fram 7 ulike innsatsområde for å motverke barnefattigdom. Desse strategiane har vore eit viktig utgangspunkt for tiltaka i denne planen.

INNHALD

Bakgrunn og formål med planarbeid	side 1
1. Kommunens visjon og målsettingar	side 2
2. Prosess	side 2
3. Lovverk og grunnlag	side 3
4. Barnefattigdom	side 4
5. Status barnefattigdom i Vinje kommune	side 5
6. Mål og innsatsområde	side 7
7. Tiltaksoversikt	side 9
8. Konklusjon	side 9

1. Kommunens visjon og målsettingar

I kommuneplanens samfunnsdel tek ikkje opp barnefattigdom som eige tema, men kommunedelplanen helse og omsorg lyder det fyrste punktet *Born og unge i Vinje kommune har god fysisk og psykisk helse, og trygge oppvekstvilkår med gode arenaer for meistring og utvikling*. Vidare fokuserer planen på barnas totale oppvekstmiljø for å skape god samanheng mellom heim, barnehage/skule og fritid.

2. Prosess

Det er eit viktig poeng å få fram at denne handlingsplanen ikkje er eit ferdig produkt som er tufta på gode tverrfaglege prosessar og medverknad, men som eit utgangspunkt for å utvikle ein heilskapleg handlingsplan med forpliktande tiltaksplan. I fyrste omgang er dette meint å vere eit oppstartsdokument som skal initiere eit vidare arbeid som samlar alle gode krefter i Vinje kommune til å motverke barnefattigdom og utjamne sosiale skilnader. Prosessen vidare med å etablere gode arenaer for samarbeid om ein plan som går inn kommunens øvrige planverk og så vert forankra politisk er viktig for Vinje kommune. Og ikkje minst er det viktig for barna og familiane det gjeld i dag og i framtida.

3. Lovverk og grunnlag

3.1 Aktuelle lovverk:

- Folkehelseloven - Lov om sosiale tjenester
- Barnehageloven - Barnevernloven
- Opplæringsloven - Kulturloven
- Helse- og omsorgstjenesteloven

3.2 Nasjonale føringar

Handlingsplan mot fattigdom (2006 - 2007)

I «Handlingsplan mot fattigdom» er det 4 strategiar for å bekjempe fattigdom med tilhøyrande tiltak. Her blir det også diskutert risikofaktorar, indikatorar og sentrale utviklingstrekk ved fattigdom i Noreg. At alle barn og unge skal kunne delta og utvikle seg er ein av strategiane.

Regjeringas strategi «Barn som lever i fattigdom» (2015 - 2017) blir det peika på 7 innsatsområder kor det blir lagt fram til saman 64 forslag til konkrete tiltak på dei ulike områda. Del 2 i strategien omfattar nyttige fakta og statistikk om fattigdomsogrepet som eit viktig kunnskapsgrunnlag for dokumentet.

3.3 Regionale føringar

I **Telemark regionale plan for folkehelse 2018-2030** er det to hovudmål som initierer arbeid mot barnefattigdom:

- *Å bedre levekår for befolkninga ved iverksetting av tiltak for å utjevne sosioøkonomisk ulikhet og hindre at dårlige levekår går i arv.*
- *Å bedre psykisk og fysisk helse ved å velge løsningsar som bidrar til en trygg oppvekst og et aktivt og deltakende voksenliv og alderdom.*

I **Telemark regionale plan for oppvekst og kompetanse 2016-2020** er barns oppvekstkår sentralt, men barnefattigdomsproblematikken er lite omtalt. **Rapporten om Folkehelsa i Telemark 2016** vart handsama av Fylkestinget med barnefattigdom som viktig

3.4 Kommunale føringar

Kommunedelplanen for helse og omsorg 2017 - 2030 tek føre seg barns oppvekstkår men har lite fokus på barnefattigdom.

Andre kapittel i kommuneplanens samfunnsdel 2016-2035 omhandlar barn og unges oppvekstvilkår, der både barnehage, skole, helsetenester, fritid og kulturtilbod er omtalt. Ei av målsetningane her er at Vinje kommune skal vere ein god kommune å vekse opp i.

Folkehelseprofilen (2016)

I følge folkehelseprofilen for 2016 ligg Vinje kommune relativt lågt på talet på barn (0-17 år) som lever i låginntektsfamiliar – 8,8 % mot landssnittet på 10,3 %.

4. BARNEFATTIGDOM

4.1 Fattigdomsdefinisjonar

Kva det vil seie å være fattig og korleis fattigdom i eit rikt land som Noreg, er gjenstand for diskusjon. Med dei ulike definisjonane av inntektsfattigdom vil andelen fattige i den vaksne befolkninga i Noreg variere mellom ca 2 og 13 prosent. Definisjonsdebatten er difor viktig for kvar ein skal sette fattigdomsgrensa. Det viktigaste poenget med ei slik grense er å peike ut dei personane ein meiner det er et felles ansvar å hjelpe ut av situasjonen.

Eit viktig skilje når man definerer fattigdom globalt, er skilnaden mellom absolutt og relativ fattigdom. Ved absolutt fattigdom, er fattigdomsgrensa kva som trengs for å tilfredsstillе basiskrav. Ved relativ fattigdom, er fattigdomsgrensa det som trengs for å leve eit anstendig liv samanlikna med andre menneske i same samfunn.

Døme på mye brukte definisjonar er EU-definisjonen, OECD-definisjonen og SIFOs referansebudsjett. Omgrepet fattigdom blir brukt i denne planen med utgangspunkt i EU-definisjonen som definerer fattigdom som årlig inntekt under 60 % av landets medianinntekt. Sosialhjelp er samfunnets siste sikringsnett. Uavhengig av kva for definisjon ein vel å definere fattigdom etter, vil sosialhjelpsmottakarar alltid kome inn under fattigdomsdefinisjonen.

I regjeringas **Strategi mot barnefattigdom** 2015-2017 finn mykje om korleis det er å leve med fattigdom på forskjellige vis og ulike samanhengar. Konsekvensar og utfordringar blir belyst på ein sær sars god måte.

4.2 Barnefattigdom og barns rettar i Noreg

Status barnefattigdom i Noreg

Det har skjedd ei klar aukeing av barn i låginntektsgruppa i Noreg sidan tusenårsskiftet. Særleg sterk var aukeinga frå 2001 og fram til om lag 2005. I åra 2012 og 2013 kom ei ny auke av barn som lever under fattigdomsgrensa.

Det vart gjort to hovudfunn i Riksrevisjonens undersøking av barnefattigdom i Dokument 3:11 (2013–2014):

1. Fleire barn veks opp i låginntektsfamiliar
2. Mange kommunar gjer for lite for at fattige barn skal kunne delta sosialt

FNs Barnekonvensjon slår i artikkel 27 fast at *Alle barn har rett til god nok levestandard*, og dette vert utdjupa med at dei skal få det som trengs for å leve og ha ein meningsfylt kvardag.


5. STATUS PÅ BARNEFATTIGDOM I VINJE KOMMUNE

5.1 Dagens situasjon i forhold til barnefattigdom

Personar (0-17 år) i hushald med inntekt under 60 % av nasjonal medianinntekt

I fylgje folkehelseprofilen for 2016 ligg Vinje kommune relativt lågt på talet på barn som lever i låginntektsfamiliar – 8,8 % mot eit landsgjennomsnitt på 10,3 % (barn som bur i hushald med inntekt under 60 % av nasjonal median).

Tallene for kommuner og bydeler er fra 2015. For fylker og for landet som helhet er tallene fra 2016. Nye tall for kommuner og bydeler ventes i løpet av juli 2018. <!--react-text: 69 --> <!--react-text --><!--react-text: 70 -->Viser Vinje og lignende kommuner, 2016<!--react-text --><!--react-text: 71 --><!--react-text -->



5.2 Kva for tiltak me har i dag

Kommunen har fleire ordningar som har til hensikt å hjelpe barnefamiliar med dårleg økonomi. Mange av dei mest sentrale tiltaka skjer i barnehage/skole, og NAV. Døme på tiltak er reduksjon i foreldrebetaling, gratis kjernetid i barnehagane, syskenmoderasjonsordning, noko gratis utlån av utstyr til bruk i barnehage/skole, tiltak og tenester gjennom barnevern og PPT mm. Sentrale personar til å fange opp problematikken er sosiallærar på skulane, helsesystrer og barneteamet og ungdomsteamet, barne- og ungdomskontakt, barnehagetilsette, lærarar med fleir. TIBIR-programmet med Tidleg Innsats for Barn I Risikogrupper er eit anna program som tverrfagleg kan motverke barnefattigdom eller hjelpe dei som lever under slike vilkår.

Helsestasjonen, barnehage og skule er i den unike posisjonen at dei møter alle barn og føresette som bur i kommunen. Det er difor viktig å nytte seg av desse arenaane så godt som mogleg når ein skal jobbe med tiltak innan barnefattigdom. Tiltak skal bli sett inn så tidleg

som mogleg. Eitt av PPT sitt oppdrag er å hjelpe skuler og barnehagar med råd og rettleiing for barn med særskilte behov. Dei har fokus på tett samarbeid med skole og barnehage for å betre kvaliteten på tilpassa undervisning slik at fleire klarer å gjennomføre den 13-årige grunnskuleopplæringa. Dette er ålment akseptert at er eit kjernepunkt for å motverke fattigdom på seinare tidspunkt. NAV påverkar barnas situasjon direkte gjennom kva grad dei kan hjelpe barnas foreldre med å bli økonomisk sjølvhjelpne, og gjennom tolking av livsopphaldssatsane. NAV har som hovudmål å få folk i arbeid og bli økonomisk sjølvhjelpne. Gjennom ulike tiltak arbeider NAV med å vegleie, motivere og gje råd i høve det å kome i arbeid. Nokre av verkemidlane er stor breidde i arbeidsretta tiltak. Å sette riktig nivå for økonomisk sosialhjelp er ein balansegang. På den eine sida skal sosialhjelpssatsane vere høye nok til at mottakarane er sikra eit økonomisk minimum og kanha et forbruksnivå som gjev eit anstendig liv for både mottakar og mottakars barn. På den andre sida må satsane ikkje vere høgare enn at overgang til en lønna jobb alltid løner seg.

5.3 Hovudutfordringar

- Riktig balanse på økonomi sosialhjelp, fordi motivasjon til lønna arbeid elles kan bli svekka
- Inngangsprisen for barnas deltaking sosialt i ulike aktivitetar blir for høg for nokre familiar
- Dårleg familieøkonomi heng ofte nøye saman med annan problematikk; rus, sjukdom, vald, omsorgssvikt – dette blir ekstrabelastning for barna og krev omfattande og koordinerte tiltak
- Busette flykningar representerer ein relativt stor del av barnefattigdomsgruppa
- Teieplikt kan vere eit hinder for å få til et godt samarbeid på tvers av einingane
- Kunnskapen om barn og fattigdom er truleg for liten i kommuneorganisasjonen og blant andre aktørar som er i kontakt med barn og unge.
- Fokus og tiltak mot barnefattigdom må ikkje vere stigmatiserande og dermed kunne forsterke problematikken.

5.4 Om aktuelle nye eller utvida tiltak

Aktuelle arenaar for nye tiltak kan vere i barnehage/skole, NAV, Vaksenopplæringa, idrettslag/foreiningar, Kulturskulen med fleire.

I regjeringas strategidokument **Barn som lever i fattigdom** er det skrive om ei rekke gode døme på konkrete tiltak som tek utgangspunkt i ulike innsatsområde. Årleg er det søknadsordningar på barnefattigdomsmidlar som det vil vere svært aktuelle å søkje på, og som kan vere viktig for å få realisert nye tiltak. Vinje kommune har oppretta søknadsadministrasjon og *virksomhetsansvarlig* for handsaming av offentlege midlar mot barnefattigdom.



Det er viktig at nye tiltak som vert sett i verk er nøye gjennomtenkt med tanke på kva for målgrupper man faktisk ønsker å nå. Forsking viser her at mange «gode» tiltak kan verke motsett av intensjonen, og forsterke skilnadene som dei hadde til hensikt å utjamne. Å sjå på fordelingseffekten av tiltak som allereie er i gang, kan også i ein del tilfelle vere vel så viktig og effektivt som å sette i verk heilt nye tiltak.

6 MÅL OG INNSATSOMRÅDE

Barnefattigdom er eit samansett problem, som vil krevje eit vidt spekter av tiltak for at ein skal kunne gå i møte dei ulike sidene av problemet. Ei klar arbeidsfordeling mellom verksemdene og politisk forankring er avgjerande. Kompleksiteten av problemet vil føre med seg at ein må gjere prioriteringar.

6.1 Overordna mål

Oppfylle barnekonvensjonen, som seier: *Alle barn og unge skal ha mulighet til å delta i lek og fritid, til en anstendig levestandard og til å utvikle sine evner og ferdigheter.*

6.2 Målsetting

Med utgangspunkt i overordna mål er målsettinga at:

- talet på barn som lever i låginntektsfamiliar blir redusert
- fleire barn som lever i låginntektsfamiliar er i større aktivitet på fritida
- fleire unge vaksne kjem i arbeid
- kunnskapen om barnefattigdom blir auka i og utanfor kommuneorganisasjonen
- fleire gode tverrfaglege møteplasser for verksemdar som jobbar med barn og unge

Dei tre fyrste måla er direkte knytt opp mot tiltak kommunen skal gjere ut mot befolkninga, medan dei to siste er satt inn i mot kommuneorganisasjonen og vil vere viktig premisser for å nå dei tre fyrste.

6.3 Strategiar

For å nå målsettingane, er det satt opp fylgjande strategiar:

- Dempe negative konsekvensar for barn og unge som veks opp i fattigdom
- Motverke at fattigdom går i arv frå foreldre til barn
- Styrke kompetansen og fokuset kring barn og fattigdom

Å dempe negative konsekvensar for barn som veks opp i fattigdom er ein viktig strategi for å hjelpe barn og unge som per dags dato er i ein situasjon der fattigdom påverkar livskvaliteten. Å motverke at fattigdom går i arv frå foreldre til barn er eit viktig langsiktig strategiarbeid, som vil kunne gje resultat på litt lengre sikt. Her vil høg sysselsetting av befolkninga, og at flest mogleg tek høgare utdanning/fullfører vidaregåande vere sentrale faktorar. Å ha fokus på begge strategiar samstundes er avgjerande for totalresultatet av arbeidet. I tillegg vil eit viktig premiss for å gjennomføre strategiane være fokus på bevisstgjøring, kompetanseheving og auka samarbeid mellom dei ulike verksemdane som jobbar med barn og unge. Strategiane vald skal samsvare med regjeringas strategi i høve til barnefattigdom.

6.4 Innsatsområde

For å dempe negative konsekvensar for barn som veks opp i fattigdom, kan ein setje opp fylgjande innsatsområde:

- Styrke utsette barnefamiljar
- Deltaking og inkludering i fritid, kultur og idrett

For å motverke at fattigdom går i arv kan ein setje opp fylgjande innsatsområde:

- Gjennomføre utdanningsløp – barnehage og skole
- Tilgang til arbeidslivet for ungdom og foreldre

For å auke kompetansen og bevisstgjøring kring barn og fattigdom, er det sett opp fylgjande innsatsområde:

- Tettare samarbeid mellom verksemdene, og med andre eksterne aktørar som jobbar med eller er i kontakt med barn og unge

7. TILTAKSOVERSIKT

Ved å styrke støtteapparatet kring foreldre og familien, vil dette kunne betre levekåra til barn som lever i vanskelegstilte familiar og bidra til å gje dei fleire moglegheit i oppveksten og seinare i livet. Kombinasjonen av dårleg råd og andre sosiale eller helsemessige problem er krevjande både for foreldre og barn. Barn blir tynga av familiens problem, og det er ein klar samanheng mellom å leve i fattigdom på den eine sida og redusert helse på den andre. Tiltaksversikten må vere enkel å forstå og synleggjere framdrift og ansvarsfordeling. Døme på tiltak kan vere ALLEMED-kampanjen som er ein nasjonal dugnad mot fattigdom og utanforskap blant barn og unge. Det kan også vere enkle løysingar som går direkte på enkeltindivid eller grupper. Gratis skiheiskort og utstyrsbank til friluftslivaktivitetar er eit anna døme. Syskjenmoderasjon og friplassar i barnehage og SFO er på førebyggjande tiltak me har i dag og som me vil føre vidare i ein ny plan. Med utgangspunkt i regjeringas *Strategien barn som lever i fattigdom* finn ein heile 64 tiltak fordelt på 7 innsatsområde som kan vere grunnlaget for Vinje kommunes lokale tiltaksplan. Desse innsatsområda er:

1. Førebygge ved å styrke utsette barnefamiljar
2. Gjennomføre utdanningsløp – barnehage og skule
3. Deltaking og inkludering –fritid, kultur og idrett
4. Eit godt helsetilbod til alle barn og unge
5. Tilgang til arbeidslivet for ungdom og foreldre
6. Forsking og statistikk
7. Ansvars- og kompetansedeling

Dette må ein utarbeide lokalt og tverrfagleg for eigarskap og praktisk gjennomføring. Dette kan til dømes bli framstilt i eit slikt skjema for enkelt å finne fram.

Tiltak	Om tiltaket	Ansvar	Økonomi	Tidspunkt	Målgruppa nådd?

8. Konklusjon

Vinje kommune bør setje ned ei tverrfagleg samansett gruppe som jobbar fram eit plandokument som blir ein styrande handlingsplan mot barnefattigdom med forpliktande tiltaksplan. Denne handlingsplanen bør vere godt forankra i kommunens øvrige planverk.